



EUB LTD  
Øvre Kråkenes 66  
5152 BØNES

Referanser:  
Dykkar:  
Vår: 16/2059 - 17/25507

Saksbehandlar:  
Per Sveinar Morsund  
Per.Sveinar.Morsund@lindas.kommune.no

Dato:  
07.09.2017

## Orientering om vedtak i klagesak - Trong for opplysningar - gbnr 137/793 Alver

Fylkesmannen i Hordaland har fatta vedtak i saka og gjev klagar medhald til klage på avslag på søknad om dispensasjon.

På bakgrunn av vedtaket vil kommunen ta saka opp til ny handsaming. Med bakgrunn i vedtaket frå fylkesmannen krev tiltaket ikkje søknad om dispensasjon og skal handsamast som ei rein byggjesak.

Kommunen ber med dette om attendemelding på om vi skal ta saka opp til handsaming slik den tidlegare er innsendt eller om de vil sende inn søknad på nytt med eventuelle endringar.

Vi gjer merksam på at avkøyringsløyve som ligg føre i dag berre tillèt etablering av 1 bueining. Byggjesak kan difor ikkje gje løyve til oppføring av meir enn 1 bueining då det ikkje ligg føre avkøyringsløyve for meir . Du må difor anten revidere søknad med antal bueiningar eller få på plass eit nytt avkøyringsløyve med løyve til utvida bruk av eksisterande avkjørsle for 2 bustadeiningar på gbnr 137/793.

Kommunen ber om at tilleggsinformasjon vert sendt inn samla innan 15.10.17.

Med helsing

Siril Sylta  
avdelingsleiar

Per Sveinar Morsund  
rådgjevar

*Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.*



**Kopi til:**

Kennet Meland Bjørge

Isdalstøbakken 26 5916

ISDALSTØ

**Mottakarar:**

EUB LTD

Øvre Kråkenes 66 5152

BØNES